



SJUR HAGA
BRINGELAND
sjurhb@aol.com


KLASSISK MUSIKK



Australiske Percy Grainger (1882–1962) spela Grieg slik Grieg ville bli spela – ikke slik Grieg blir spela i dag. Foto: 2L

Stolen tid

Dette er Griegs a moll-konsert slik du aldri har hørt han.



EDWARD GRIEG:

Pianokonsert i a-moll, fiolinonata no. 3, lyriske stykker

PERCY GRAINGER, AUTOMATPIANO (1921), EDWARD GRIEG, AUTOMATPIANO (1906), KRISTIANSAND SYMFONIORKESTER, DIR.: ROLF GUPTA 2L 2009

Jamføringer: Leif Ove Andsnes (EMI 2007)
Love Derwinger (BIS 2004)
Håvard Gimse (Naxos 2004)

Det er innspelingar som denne som får fram det verste i somme norske musikkritikarar, som får dei til å stå fram som forstokka tradisjonalistar utan evne til å ta det uvande innover seg, eller i det minste utan vilje til det. Edvard Griegs (1843–1907) Pianokonsert i a-moll, op. 16, er mellom dei mest populære pianokonserane i verda. Han blir ofte spela både på konsertar og i radio, og difor har publikum faste forventningar til korleis han skal utførast. Dette ser konsertpianistane ut til å ha teke inn over seg, for dei fleste versjonane eg har på CD, er ulideleg like.

Kristiansand Symfoniorkestrets nye innspeling er eit unnatak. Her tør dirigent Rolf Gupta å vera *anneles*, på ein måte det er dokumentert at Grieg sjølv sett pris på. Resultatet er blitt den mest interessante norske klassiskinnspelinga til no i år.

DØD PIANIST

Så korleis kan me vita korleis Grieg ville ha konserten sin framført? For å finna ut det har dirigenten gripe til *pianolaet*, eit automatpiano som

reproduserer pianostemma slike ho i 1921 blei tolka av den australiske klavervirtuosene Percy Grainger (1882–1962). Pianolet teikna då, ved hjelp av perforerte papirstrimler, opp spelet til Grainger, og når me i dag koplar maskina til eit flygel, kling Graingers klaver-spel levande for øyro våre.

Grieg ovundra Graingers måte å framföra på – etter at dei to møtte kvarandre på Troldhaugen utanfor Bergen i 1907, noterte komponisten euforisk i dagboka: «Jeg måtte blive 64 År forat få høre norsk Klavermusik så forstående og genialt tolket.» Kva er det så som skil Griegs smak fra den vanlege i dag?

KVERVLANDE

Det første som slår oss i møte med Percy Grainger, er hans frie omgang med tid, hans bruk av *tempo rubato*. Ein spelar rubato (frå italiensk *rubare* 'stela') når ein framfører eit stykke i varierande tempo, «røvar til seg tid», for å framheva frasane og det ein ser på som musikalsk viktig. Tydeleg er dette alt i dei kvasse og kvervlande opningsakkordane i fyrtsesaten av konserten, *allegro molto moderato*: Pianisten trykkjer ikkje ned alle dei åtte tangentane i akkorden på ein gong, men lèt dei lysaste tonane koma litt for seint, slik at dei stikk seg ut. Men også saman med orkestret aukar han somme gonger i tempo, og andre gonger bremsar han brått ned, og orkestret må fint fylgja. Det gjer dei òg, impone-rande tett.

Denne tolkinga gjev oss ein glimt av ei tid der tid tydde noko anna, og som tilskot til diskografien til Griegs a-moll-konsert er plata det mest relevante på lenge.

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musikar og fast musikkmedar for Dag og Tid.

Standardinnspelinga:

Familiestilen

På sporet av det «bachske» i musikken.



HEINRICH BACH, JOHANN LUDWIG BACH M.FL.: **Bachiana. Music by the Bach Family**

MUSICA ANTIQUA KÖLN, DIR.: REINHARD GOEBEL. ACHIV 2001

Johann Sebastian Bach (1685–1750) sprang ut or ei slekt med framifrå musikarar, ei slekt som arbeidde seg opp til å bli eit så effektivt musikardynasti at konkurransetilsynet i dag nok ville ha gripe inn. At *Bach* somme stader i Tyskland blei nytta einstydande med *musikar*, seier sitt.

Johann Sebastians verk ber i seg akkumulert røynsle frå fleire generasjonar intensiv kunstnarverksemd, og det er denne musikalske bakgrunnen orkestret

Musica Antiqua Köln undersøkjer i albumet *Bachiana* frå 2001. Den eldste «Bachen» som er med her, er Heinrich Bach (1615–1662). Hans *Sonata I «a cinque» in C* kling svært arkaisk og er ru og beisk i tonen. Òg Cyriacus Wilches (død 1667) *Battaglia – anno 1659 composita* kling gamaldags – her blir ei slagscene måla med musikalske bogestrok, alt frå riddarane steller seg opp på slagmarka, trompetsignal, åtaket i galopp, samanbrasinga og klagene til dei skadde riddarane som ligg attende, er attkjennelleg.

Musikarane i Bach-familien lærde av kvarandre. Dei heldt saman som eit laug, lobbyerte for kvarandre og sytte for å få plassert «folka sine» i musikarstillingane i byane og ved hoffa. Så nært var det kunstnarlege samarbeidet at me i det 17. og 18. hundreåret kan tala om ein «Bachsk familiestil» i musikken. Johann Ludwig Bachs (1677–



Barokkorkestret Musica Antiqua Köln under leding av violinisten Reinhard Goebel hentar fram musikken til J. S. Bachs frendar og forfedrar på albumet *Bachiana*.

Foto: Achiv Production

1731) *Ouverture i g-dur* er eit uttrykk for denne familiestilen: Opninga er gravitetisk men ikkje pompos, heller rural og rett i ryggen. Fjørlett og naturleg fylgjer fugen, skiven i den fleirstemmige stilene som synest medfødd i Bach-slekta.



Hjå Georg Joseph Vogler flyt flosklane uhemma.


GEORG JOSEPH VOGLER:
Symphonies, Ouvertures, Ballets

LONDON MOZART PLAYERS, DIR.: MATTHIAS BAMERT.
CHANDOS 2009



Mozart ovundra ikkje nett komponistkollegaen Georg Joseph Vogler (1749–1814). «Ein musikalsk flåsemakar», kalla han kollegaen i eit brev til faren, i eit anna syner han seg fornærma over at Vogler ikkje er førebudd i framföringa av ein av klaver-konsertane sine. Skuldingane om musikalsk flåsemakari forstår eg etter å ha lytta gjennom innspeilinga med London Mozart Players under dirigent Matthias Bamert. Nokre av komposisjonane er syltynne – der flyt dei musikalske flosklane uhemma – medan andre er meir originale og overraskande, til dømes *Hamlet-ouverturen* frå 1778.


Til forsvar for komponisten skal det seiast at eg truleg set større pris på overraskinger enn 1700-talspublikummet han hadde for øyro.



«Fitted to the Harpsichord»: Händel transkriberte sjølv fleire av orkesterverka sine for cembalo.

GEORG FRIEDRICH HÄNDEL:
Ouvertures & Suites

JOHN KITCHEN, CEMBALO. DELPHIAN 2009



Tradisjonen med å arbeida Händels orkesterverk byrja med han sjølv og er nær ubrotten fram til byrjinga av førre hundreår. Desse transkriberingane fungerer bra, men er krevjande å utføra for tasteinstrumentalisten – han må gjera satsen til *sin*, i dette høve til cembalomusikk. Universitetsorganisten i Edinburgh John Kitchen får det til somme stader, som i *Larghetto-satsen* frå *Samson*-ouverturen: Her bremsar han opp og snusar på harmoniane og tek seg tid til å bretta ut akkordane ved frasesluttane. Men diverre er det altfor ofte «tut og køy» elles, utan innlagde pustepausar. Det drep musikken.